



VOSS KOMMUNE

ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

**Vedtekne i kommunestyret
30. november 1995, sak 93.
Sist endra i KST 22.06.2017 sak 32 /17**

Satsar godtgjersle er justert pr. 1.7.2018

INNHALD

Nemndstruktur	s. 2
Delegering	s. 4
Kommunale møte	s. 4
Folkevaldarbeidsdag/ frikjøpsordning	s. 5
Opplæring for folkevalde	s. 7
Informasjon	s. 8
Dekning av tapt arbeidsforteneste/ omsorgsvikar	s. 9
Ymse godtgjersler	s. 10
Reglement for godtgjersle til kommunale folkevalde	s. 11
- Ordførar/ varaordførar	s. 11
- Fast godtgjersle	s. 11
- Møtegodtgjersle	s. 12
- Sokneråda	s. 13

NEMNDSTRUKTUR

Hovudutval


1. Etter vedtak i Voss kommunestyre 31. august 1995 om ny organisasjonsmodell og endring i Voss kommunestyre 26. august 1999 har ein no fylgjande politiske hovudutval
 - a. Formannskap
 - c. Utval for Nærings- og tiltaksarbeid
 - b. Utval for levekår
 - e. Utval for miljø- og kultur

I tillegg har vi fylgjande administrative utval

- d. Administrasjonsutval

Elles har ein kontrollutval og klagenemnd.

Politisk organisasjonskart



Sist endra i KST 18.10.2007

DELEGERING

Nytt *delegeringsreglement* som fylgje av ny kommunelov/ny politisk organisasjonsplan i Voss kommune er vedteke. Instruksar for kvart utval m.v. vert sendt kommunestyremedlemene i eiga informasjonsbrosjyre.

KOMMUNALE MØTE

Utarbeiding av møteplanar held fram. Fylgjande utval skal vera med i planen:

Politisk område:

Kommunestyre

Formannskap/Plan- og økonomi

Nærings- og tiltaksarbeid

Levekår

Miljø- og kultur

Administrative område:

Administrasjonsutval inklusivt Tingingsutval

Møteplanen må kunne endrast på kort varsel.

Møte vert halde ca. kvar 14. dag / 1 gong i månaden.

Møtet bør ikkje vara meir enn 4 timar. Dersom det er lita saksmengd, kan tillyst møte avlysast."

FOLKEVALDARBEIDSDAG / FRIKJØPSORDNING

Generelt:

Satsane for godtgjerslene skal justerast årleg 01.07 ut frå ordføraren si godtgjersle.

Utgangspunktet for ordninga er at politisk valde skal ha tid og høve til å førebu seg til møte, setja seg inn i kommunale oppgåver, og ikkje minst vera til stades på møte utan at dette skal gå ut over tilhøve til arbeidsgjevar og sjølvstendig næringsverksemd.

1. Leiarar i H-utval og formannskapsmedlemmene får tilbod om frikjøp. Størrelsen på frikjøpet bør takast ut i høve til forventa møteverksemd, ca. 2 dagar i månaden.
2. Kommunestyremedlemene får tilbod om frikjøp 1/2 dag i månaden.
3. Kommunen betaler refusjon for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglar
 - a) ulegitimert tap 1,5 promille – kr. 1493- pr. dag
 - b) legitimert tap 4 promille - opptil kr. 3.825 ,- pr dag.

1 dag = 7,5 timar

Refusjonen kan ordnast direkte med arbeidsgjevar.

Hovudregelen er at tapet skal vera legitimert.

Eigenerklæring for tapt arbeidsforteneste frå sjølvstendig næringsdrivande skal godkjennast som legitimert tap.

4. Det vert utbetalt feriegodtgjersle av utbetaling etter reglane om frikjøp.

5. Dei folkevalde må melda frå til administrasjonen om dei ønskjer slikt frikjøp, likeins ved opphøyr av ordninga.
6. Utbetaling etter desse reglane kan skje pr. månad.
7. Tolkningsspørsmål/tvilstilfelle vert å avgjera av dei politisk valde i administrasjonsutvalet.

OPPLÆRING FOR FOLKEVALDE

1. I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert *folkevaldopplæring*, jfr. KS sitt opplegg.
2. Kurs for folkevalde i dei ulike hovudutvala kan arrangerast etter same retningslinjer som under pkt. 1.
3. Politisk valde i administrasjonsutvalet har ansvaret for opplæring under pkt. 1 og 2. Administrasjonsutvalet kan og koma med framlegg om opplæring utover dei grunnleggjande kurs for folkevalde.
4. I samband med opplæring etter pkt. 1 og 2 skal dei folkevalde og få innføring i reglane når det gjeld "Folkevalde sine arbeidsvilkår".
5. Opplæringa skal føregå på dagtid, og deltakarane får evt. refusjon for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglar.

INFORMASJON

1. Kommunen abonnerer på avisa Kommunal Rapport til alle kommunestyrerepresentantane. (*papir/digital*)
2. Alle praktiske og økonomiske ordningar som gjeld dei folkevalde i Voss kommune vert samla i ein foldar. Foldaren skal sendast alle nye folkevalde ved starten av kvar valperiode.
3. Nye vedtak / endringar i reglar m.v. i foldaren skal straks sendast dei folkevalde.
4. Reglement skal oppdaterast i samsvar med vedtak som vert gjort.
5. Ordføraren, evt. i samråd med rådmannen har ansvar for informasjonstenesta ovanfor dei folkevalde.
6. Informasjon/hefte som omhandlar omorganiseringa m.v. vert likeins sendt folkevalde.

DEKNING AV TAPT ARBEIDS-FORTENESTE/ OMSORGSVIKAR

1. Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får dekke dette tapet på grunnlag av dokumentasjon frå arbeidsgjevar. Dette gjeld tap i arbeidsinntekt som kjem i tillegg til evt. frikjøps- ordning, og/eller reelt tap når frikjøpsordninga ikkje vert eller kan nyttast.
2. Dersom den folkevalde og arbeidsgjevaren hans godtek det, kan slik refusjon gjerast opp direkte med arbeidsgjevar. Arbeidsgjevar må då senda refusjonskrav kvar månad eller innan 1.12. kvart år.
3. Folkevalde som har ulegitimert tap i arbeidsforteneste får dekke dette tapet med *inntil kr 1.493,- pr. møtedag.*
1 møtedag = 7,5 timar.

Dokumentert tap vert dekke med *inntil kr 3.825,- pr. dag.*
Hovudregelen er at tapet skal legitimerast.

4. Tilsette i offentlig verksemd eller andre som opprettheld løn under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje tapt arbeidsforteneste. Unnateke er ordning med frikjøp av leiarar hovudutvala.
5. Krav om vederlag for tapt arbeidsforteneste må sendast kommunen seinast innan 15.11. i året. Krav kan /bør sendast straks, og vert utbetalt ved første ordinære lønsutbetaling i kommunen.
6. Folkevalde som har omsorgsansvar for barn, sjuke, eldre og funksjonshemma, får dekke utgifter til tilsyn/pleie etter rekning i den tida den folkevalde er fråverande pga kommunale verv. Krav om refusjon må gjerast på eit fastlagt skjema og vert betalt direkte til vikar ein gong i månaden. Godtgjersla er i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande timesatsar for unge arbeidstakarar eller stillingar utan krav om utdanning i hovudtariffavtalen. Godtgjersla er innberetnings- og skattepliktig.

Godtgjersle vert ikkje gjeve dersom tilsyn eller barnepass vert utført av ektefelle eller sambuar av den folkevalde.

Den folkevalde er sjølv ansvarleg for å godkjenning/kvalitetssikra omsorgsvikaren.

7. Reglane for tapt arbeidsforteneste / omsorgsvikar gjeld også i samband med kommunestyremøte.
8. Tolkingsspørsmål/tvilstilfelle vert å avgjera av dei politisk valde i administrasjonsutvalet.

* I samsvar med departementet sine retningslinjer.

YMSE GODTGJERSLER

Skyss- og kostgodtgjersle:

1. Folkevalde som nyttar eigen bil i samband med kommunale møte/oppdrag får dekkja reiseutgiftene til/frå møte i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ. Reisene må vera best mogleg samordna.
2. Folkevalde som representerer kommunen på kurs, møte o.l., får kostgodtgjersle og dekkja reise- og opphaldsutgifter i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ. Likeins legitimert tapt arbeidsforteneste.
- 3.. Krav om skyssgodtgjersle m.v. må sendast kommunen innan 15.11. kvart år.

Telefongodtgjersle

Kommunen held fri mobiltelefon for ordførar og varaordførar.

IPad

Alle folkevalde som har kommunal iPad får dekkja kr. 139,- pr. mnd til mobilt breiband.

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL KOMMUNALE FOLKEVALDE

1. ORDFØRAR

Ordføraren si godtgjersle skal følgja godtgjersla til stortingsrepresentantane (KST sak 105/14)

Frå 1.7.18 kr 956.463,- ordførar godtgjersla skal justerast pr. 01.05.

«Det skal ytast sjukepengar til ordførar som mottok godtgjering i arbeidsgjevarperioden, dei fyrste 16 dagane. I tillegg dekkjer Voss kommune mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjering ein har i sitt verv i inntil 50 veker. Sjukepengar vert ikkje utbetalt utover den perioden ordførar mottok godtgjering for.

Sjukefråvær utover 8 dagar skal legitimerast med sjukmelding. Fråvær inntil 8 dagar kan dokumenterast med eigenmelding. Eigenmelding kan nyttast i 24 kalenderdagar i løpet av 12 månader (jfr. gjeldande IA-avtale)»

2. VARAORDFØRAR

Varaordføraren si godtgjersle blir sett til 25% av godtgjersla til ordføraren. Varaordføraren si godtgjersle skal dekkja vanlege varaordføraroppdrag og kortare vikaroppdrag for ordføraren. Dersom varaordføraren fungerer som ordførar over eit lengre tidsrom skal godtgjersla vurderast av politisk valde i administrasjonsutvalet.

3. FAST GODTGJERSLE

3.1 Utvalsleiarar og FPL:

Leiarar i

- Nærings- og tiltaksarbeid
- Levekår
- Miljø og kultur

- Administrasjonsutval (omfattar og leiing av Tingingsutvalet samt møte i AMU)
 - Leiar i kontrollutvalet
- og faste medlemmer i FPL forutan ordførar og varaordførar*

får ei fast godtgjersle på 4,41 % - kr 42.180,-

Godtgjersla dekker kommunestyremøte, førebuing og deltaking i "leiarutval" saman med ordføraren.

I tillegg kjem møtegodtgjersle for møte i hovudutval (inkludert FPL) 1,5 promille (kr. 1.434,-) pr. møte.

Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til reduksjon på 25%.

4. MØTEGODTGJERSLE

For møte i ad-hoc-utval m.v., andre kommunale styre, nemnder m.v. vert det ikkje betalt ut møtegodtgjersle for meir enn 2 møte pr. dag.

4.1 Kommunestyret

sine medlemmer får ei godtgjersle på kroner 1 promille 956,- pr møte.
Møtande varamedlemer får same godtgjersle.:

4.2 Hovudutvala

Medlemer og møtande varamedlemer i utvala får møtegodtgjersle tilsvarande medlemene i kommunestyret

4.3 Andre kommunale utval/ombod

For kommunale utval blir møtegodtgjersla sett *til kroner 956,- pr møte.*
Leiar i desse utvala får 1,5 promille kr 1.434,-. pr møte.

Same godtgjersle til fungerande leiar dersom leiaren har forfall. Dette gjeld alle utval utanom hovudutvala.

5. **SOKNERÅDA**

Leiarane i sokneråda får ei fast godtgjersle *på 4 promille kr 3.825,-*
Leiarane i Voss sokneråd får ei fast godtgjersle *på 1 % kr 9.564,-*